

Møteprotokoll

Utval:	Hovudutval for kultur, idrett og integrering
Møtestad:	Grand Hotel Terminus, Zander Kaaes gt. 6, Bergen
Dato:	12. og 13.10.2021
Tid:	09:00 - 14:10

Følgjande faste medlemmer møte:

Namn	Funksjon	Representerer
Stian Jean Opedal Davies	Leiar	A
Kjell Gitton Håland	Medlem	A
Gunn Åmdal Mongstad	Medlem	SP
Hilde Horpen	Medlem	SP
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG
Geir Kjell Andersland	Nestleiar	V
Lise-May Sæle	Medlem	H
Hege Nygård Dale	Medlem	UA
Knut Inge Andersen	Medlem	FNB
Bjarte Vatnøy	Medlem	FRP
Terje Kollbotn	Medlem	R
June Vibecke K. Indrevik	Medlem	H

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Symphorien Pombe	Medlem	SV
Senea Sabanovic	Medlem	A
Kurt Johnny Hæggernæs	Medlem	PP

Følgjande varamedlemmer møte:

Namn	Møtte for	Representerer
Aud Kari Isane	Symphorien Pombe	SV
Gro Berge	Senea Sabanovic	A
Karstein Birkeland	Kurt J. Hæggernes	GP

Merknader

Møtet var den 12.10 og den 13.10.2021.

Den 12.10.2021: Befaring/besøk ved ulike kulturaktører i Bergen kommune.

Den 13.10.2021 Sakshandsaming.

Frå administrasjonen møte:

Namn	Stilling
Per Morten Ekerhovd	Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering
Ronny Skaar	Seksjonssjef kunst- og kulturutvikling
Britt Karen Spjeld	Seksjonssjef idrett og friluftsliv
David Sandved	Seksjonssjef kulturarv

Siri Ingvaldsen	Seksjonssjef kulturformidling
Elin Golten	Seksjonssjef bibliotekutvikling
Arnt Ola Fidjestøl	Seksjonssjef arkiv
Anna Elisa Tryti	Prosjektdirektør
Merethe Helland Nordnæs	Møtesekretær, politisk sekretariat

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Arkiv- saksnr	U.Off
	Godkjenningssaker		
GK 15/21	Godkjenning av innkalling og sakliste		
GK 16/21	Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for kultur, idrett og integrering 08.09.21	2020/733	
	Referatsaker		
RS 64/21	Hvordan kan KS jobbe interessepolitisk og som utviklingspartner på kulturfeltet? - Strategi og tiltaksplan	2021/45415	
RS 65/21	Høve til å halde fjernmøter i 2022 etter at midlertidig lov om unntak frå kommunelova opphevast 01. desember 2021	2021/1290	
RS 66/21	Ny Handlingsplan for Universell utforming 2021-2025	2020/75953	
RS 67/21	Fylkeskommunal støtteordning til skianlegg	2021/46342	
RS 68/21	Informasjon om ny Idrettsstrategi	2021/22868	
RS 69/21	Forskrifter om Klima- og miljødepartementet sin tildeling av tilskot for kap. 1429, postane 70, 71, 72, 73, 74, 75, 77 og 79	2021/44239	
RS 70/21	Strategi for scenekunst 2021 - 2025	2020/44700	
RS 71/21	Tilskot til prosjektering av Griegkvartalet i Bergen frå statsbudsjettet 2021	2021/7708	
RS 72/21	Kunstnarleg utsmykking av det nye fylkeshuset i Bergen	2020/79109	
RS 73/21	Fylkeskulturkonferansen 2021	2021/48328	
	Skriftlege spørsmål		
SI 11/21	Spørsmål frå Andersen (FNB) - Dei historiske husdyrrasane i Vestland	2021/675	
	Politiske saker		
PS 116/21	Kulturarenaer med regionale funksjonar. Prioritering mellom søknadene	2021/7708	
PS 117/21	Kraftturisme. Opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet. Oppstart av eit hovudprosjekt	2020/36559	
PS 118/21	Tildeling av utviklingsstipend i tradisjonshandverk for 2021	2021/943	X
PS 119/21	Magnus Lagabøtejubileum 2024 - Landslova 750 år	2021/2200	
PS 120/21	Høringsuttale - Forskrift om jakt- og fangsttider 2022-2028	2021/4006	
PS 121/21	Sak om skeivdeling av kulturkroner til kulturinstitusjonar mellom Vestland og Oslo.		

Godkjenningssaker

GK 15/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.10.2021

Representanten Knut Inge Andersen, FNB, etterlyste ei sak angående spelemidler.

Saka kjem til møtet den 17.11.2021.

Terje Kollbotn, R, sette fram slikt forslag:

«Forslag til ny sak på sakslista:

Sak om skjevdeling av kulturkrone til kulturinstitusjonar mellom Vestland og Oslo.»

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes å sette følgjande sak på sakskartet utan saksførelegg:

Sak om skjevdeling av kulturkrone til kulturinstitusjonar mellom Vestland og Oslo.»

Vedtak

Innkallinga og sakslista vart godkjent med merknadene ovanfor.

Orienteringar:

Helsing frå Bergen kommune ved byråd for kultur, mangfold og likestilling Eline Aresdatter Haakestad.

- Regional plan for kultur, idrett og friluftsliv i Vestland, Organisering av arbeidet, ved Geir Kjell Andersland.

-Presentasjon søkarar regionale kulturarenaer ved seksjonssjef Ronny Skaar.

-Magnus Lagabøtes jubileum 2024 - Landslova 750 år ved Anna Elisa Tryti.

GK 16/21 Godkjenning av møteprotokoll frå møte i hovudutval for kultur, idrett og integrering 08.09.21

Vedlagt er møteprotokoll frå møte 08.09.2021.

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.10.2021

Vedtak

Møteprotokollen frå møte den 08.09.2021 vart godkjent utan merknader.

Referatsaker

RS 64/21 Hvordan kan KS jobbe interessepolitisk og som utviklingspartner på kulturfeltet? - Strategi og tiltaksplan

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.10.2021

RS 64/21 vart referert.

RS 65/21 Høve til å halde fjernmøter i 2022 etter at midlertidig lov om unntak frå kommunelova opphevast 01. desember 2021

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.10.2021

RS 65/21 vart referert.

RS 66/21 Ny Handlingsplan for Universell utforming 2021-2025

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.10.2021

RS 66/21 vart referert.

RS 67/21 Fylkeskommunal støtteordning til skianlegg

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.10.2021

RS 67/21 vart referert.

RS 68/21 Informasjon om ny Idrettsstrategi

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.10.2021

RS 68/21 vart referert,

RS 69/21 Forskrifter om Klima- og miljødepartementet sin tildeling av tilskot for kap. 1429, postane 70, 71, 72, 73, 74, 75, 77 og 79

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.10.2021

RS 69/21 vart referert.

RS 70/21 Strategi for scenekunst 2021 - 2025

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.10.2021

RS 70/21 vart referert.

RS 71/21 Tilskot til prosjektering av Griegkvartalet i Bergen frå statsbudsjettet 2021

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.10.2021

RS 71/21 vart referert.

RS 72/21 Kunstnarleg utsmykking av det nye fylkeshuset i Bergen

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.10.2021

RS 72/21 vart referert.

RS 73/21 Fylkeskulturkonferansen 2021

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.10.2021

RS 73/21 vart referert.

Skriftlege spørsmål

SI 11/21 Spørsmål frå Andersen (FNB) - Dei historiske husdyrrasane i Vestland

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.10.2021

Svar på spørsmål frå Andersen (FNB) - Dei historiske husdyrrasane i Vestland

1. Korleis er Vestland fylke engasjert, gjennom økonomiske ordningar eller anna, i å sikre desse historiske husdyrrasane for ettertida og fremje interessa for dei til kjøt/mjølkeproduksjon og landskapsrøkt, saman med landbruksorganisasjonane?

Vestland fylkeskommune er engasjert i Norsk Fjordhestsenter. Senteret er eit kompetansesenter for fjordhesten og ei av hovudoppgåvene er å fremje avl og bruk av fjordingen. Norsk Fjordhestsenter vart oppretta i 1989 og er eigd av Norges Fjordhestlag, Eid kommune og Vestland fylkeskommune.

Avdeling for innovasjon og næringsutvikling ved Seksjon for naturressursar, landbruk og reiseliv forvaltar ordninga [tilskot til regionale tilretteleggingstiltak i landbruket](#) i Vestland. I 2020 søkte til dømes Urfe Sa 1971 om tilskot til regionale tilretteleggingstiltak med prosjektet «Informasjonsstrategi for mjølkeproduksjon på bevaringsverdige kuraser i Vestland». Kort samandrag om prosjektet: «Vi har i Norge 6 bevaringsverdige kurasar, og underkant 500 kyr av desse i Vestland. Talet på mjølkekyr av desse rasane er sterkt redusert siste 10 år. Rasane kan gje økonomiske og praktiske fortrinn som har blitt gløymd siste åra, med sterkt fokus på stordrift i mjølkeproduksjon. Vi vil gjennom 8 produsentmøter i samarbeid med Tine, og med fleire presseoppslag, gje informasjon til mjølkebøndene og rådgjevarane om fortrinna til desse rasane i beite/ grovforbaserte og ekstensivt driftsopplegg». Fylkeskommunen støtta tiltaket med 30 000 kr. Prosjektet er litt forsinka på grunn av pandemi, men arbeidet er i gang.

2. Å bevare historiske husdyrraser kan være viktig ut frå miljøomsyn og næringsformål. Det vil og representere ein immateriell kulturverdi. Meiner utvalsleiar at dette kan takast inn som tema i den kommande Regionalplanen for Kultur, idrett og friluftsliv?

Hovudansvaret for bevaring av historiske husdyrrasar ligg til statlege styresmakter. Gjennom landbrukspolitikken får til dømes landbruksproduksjon med historiske husdyrrasar høgre produksjonstilskot. Fagleg ligg ansvaret for bevaring av dei norske husdyrrasane til Norsk institutt for bioøkonomi (NIBIO) og [Norsk genressurssenter](#).

Utvallsleiareren meiner at dei historiske husdyrrasane representerer ein ressurs og viktig del av den norske kulturarven. Å ta vare på kulturarven er eit sektorovergripande ansvar. Om ein regionalpolitisk skal prioritere ei styrka bevaring av dei historiske husdyrrasane i Vestland, meiner

eg at dette må knytast til ein heilskapleg, regional landbrukspolitikk og verkemiddel knytt eksisterande ordningar i Avdeling for innovasjon og næringsutvikling.

Politiske saker

PS 116/21 Kulturarenaer med regionale funksjonar. Prioritering mellom søknadene

Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek følgjande prioritering blant søknadene om tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar, knytt mot budsjett for Vestland fylkeskommune 2022:

Søkjjar	Kommune	Prosjektnamn	Søknadssum	Prioritering
STIFTINGA HARDANGER OG VOSS MUSEUM	Kvam	Kulturnaustet	9 300 000	1
STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE	Gloppen	Holvikejekta verne- og formidlingsbygg	10 000 000	2
KRAFTMUSEET - NORSK VASSKRAFT- OG INDUSTRI	Ullensvang	Lindehuset	10 700 000	3
SUNNHORDLAND MUSEUM	Stord	"Nye Sunnhordlandstunet"	14 585 659	4
STIFTELSEN BYMUSEET I BERGEN	Bergen	Gamle Bergen - Nytt publikumsbygg	10 000 000	5
MOSTER AMFI- OG KYRKJEHISTORISKE	Bømlo	Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter	10 000 000	6
M12 GRUPPEN	Øygarden	Kulturterminalen	1 600 000	7
FJALER KOMMUNE	Fjaler	Samvirket	5 000 000	8
MOSTER AMFI- OG KYRKJEHISTORISKE	Bømlo	Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter	750 000	9
FORTIDSMINNEFORENINGEN	Luster	Urnes verdensarvsenter	10 000 000	Ikkje prioritert
KODE KUNSTMUSEER OG KOMPONISTHJEM	Bergen	Formidlingsverksted på KODE 1	300 000	Ikkje prioritert
KVAM KOMMUNE	Kvam	Kulturhus i Kvam	10 000 000	Ikkje prioritert
STIFTELSEN BERGEN KJØTT	Bergen	Bergen Kjøtt	270 000	Ikkje prioritert
STIFTELSEN SENTRALBADET LITTERATURHUS	Ullensvang	Sentralbadet litteraturhus	600 000	Ikkje prioritert
STIFTELSEN KULTURHUSET USF	Bergen	USF Verftet / Kulturkvartalet Verftet	500 000	Ikkje godkjent
GRIEGKVARTALET	Bergen	Prosjekt Griegkvartalet	1 000 000	Ikkje godkjent

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.10.2021

Terje Kollbotn, R, sette fram slikt alternativt forslag:

«Prioritering nr.3

SENTRALBADET LITTERATURHUS blir flytta opp til prioritering 3 saman med LINDEHUSET i Ullensvang kommune. Søknadssum kr. 600.000 til Sentralbadet Litteraturhus blir prioritert opp ved at sum Lindehuset blir redusert tilsvarande (frå 10.700.000 til kr. 10.100.000).»

Knut Inge Andersen, FNB, sette fram slikt alternativt forslag:

«prioritering endring

Kulturnaustet Hardanger og Holvikjekta byter plass (1-2)»

Gunn Åmdal Mongstad, SP, sette på vegner av SP, A, V, SV, MDG og R fram slikt tilleggsforslag:

«nytt punkt 2

Utvalet oppmodar Sentralbadet litteraturhus og Kraftmuseet om å gå i dialog om moglege felles løysingar for begge prosjekta.»

Terje Kollbotn, R, sette fram slikt forslag:

«Prioritering nr.3

SENTRALBADET LITTERATURHUS blir flytta opp til prioritering 3 saman med LINDEHUSET i Ullensvang kommune. Søknadssum kr. 600.000 til Sentralbadet Litteraturhus blir prioritert opp ved at sum Lindehuset blir redusert tilsvarande (frå 10.700.000 til kr. 10.100.000).

Vert trekt.»

Avrøysting

Andersen sitt forslag fekk tre røyster (FNB, SV og UA) og fall.

Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Mongstad sitt forslag sitt tilleggsforslag til nytt punkt 2 vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Forslag til vedtak

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtek følgjande prioritering blant søknadene om tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar, knytt mot budsjett for Vestland fylkeskommune 2022:

1:

Søkjær	Kommune	Prosjektnamn	Søknadssum	Prioritering
STIFTINGA HARDANGER OG VOSS MUSEUM	Kvam	Kulturnaustet	9 300 000	1
STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE	Gloppen	Holvikejekta verne- og formidlingsbygg	10 000 000	2
KRAFTMUSEET - NORSK VASSKRAFT- OG INDUSTRI	Ullensvang	Lindehuset	10 700 000	3
SUNNHORDLAND MUSEUM	Stord	"Nye Sunnhordlandstunet"	14 585 659	4
STIFTELSEN BYMUSEET I BERGEN	Bergen	Gamle Bergen - Nytt publikumsbygg	10 000 000	5
MOSTER AMFI- OG KYRKJEHISTORISKE	Bømlo	Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter	10 000 000	6

M12 GRUPPEN	Øygarden	Kulturterminalen	1 600 000	7
FJALER KOMMUNE	Fjaler	Samvirket	5 000 000	8
MOSTER AMFI- OG KYRKJEHISTORISKE	Bømlo	Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter	750 000	9
FORTIDSMINNEFORENINGEN	Luster	Urnes verdensarvsenter	10 000 000	Ikkje prioritert
KODE KUNSTMUSEER OG KOMPONISTHJEM	Bergen	Formidlingsverksted på KODE 1	300 000	Ikkje prioritert
KVAM KOMMUNE	Kvam	Kulturhus i Kvam	10 000 000	Ikkje prioritert
STIFTELSEN BERGEN KJØTT	Bergen	Bergen Kjøtt	270 000	Ikkje prioritert
STIFTELSEN SENTRALBADET LITTERATURHUS	Ullensvang	Sentralbadet litteraturhus	600 000	Ikkje prioritert
STIFTELSEN KULTURHUSET USF	Bergen	USF Verftet / Kulturkvartalet Verftet	500 000	Ikkje godkjent
GRIEGKVARTALET	Bergen	Prosjekt Griegkvartalet	1 000 000	Ikkje godkjent

2. Utvalet oppmodar Sentralbadet litteraturhus og Kraftmuseet om å gå i dialog om mogle felles løysingar for begge prosjekta.»

PS 117/21 Kraftturisme. Opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet. Oppstart av eit hovudprosjekt

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune nskjer ser på *Kraftturisme. Opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet* som eit signalprosjekt som stimulerer kulturbasert reiselivsutvikling og bidreg med viktig kunnskapsutvikling der landskap og heilskaplege kulturmiljøperspektiv vektleggast.
2. Vestland fylkeskommune løyver kr 300.000 til oppstart av hovudprosjekt i 2021, under føresetnad av at Rogaland fylkeskommune løyver tilsvarande. Løyvinga vert finansiert innanfor vedteke budsjett, løyvingsnivå KII-Kulturarv.
3. Evt vidare løyvingar til prosjektet i 2022 og 2023 vert å sjå i samband med budsjett og økonomiplan.

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.10.2021

Avrøysting

Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune nskjer ser på *Kraftturisme. Opplevingar i det vestnorske kraftlandskapet* som eit signalprosjekt som stimulerer kulturbasert reiselivsutvikling og bidreg med viktig kunnskapsutvikling der landskap og heilskaplege kulturmiljøperspektiv vektleggast.
2. Vestland fylkeskommune løyver kr 300.000 til oppstart av hovudprosjekt i 2021, under føresetnad av at Rogaland fylkeskommune løyver tilsvarande. Løyvinga vert finansiert innanfor vedteke budsjett, løyvingsnivå KII-Kulturarv.
3. Evt vidare løyvingar til prosjektet i 2022 og 2023 vert å sjå i samband med budsjett og økonomiplan.

PS 118/21 Tildeling av utviklingsstipend i tradisjonshandverk for 2021

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune sluttar seg til Fagkomiteen si innstilling og tildeler utviklingsstipend i tradisjonshandverk på 50.000 kroner til Oddvar Gangstø, Samnøyvegen 59, 5640 Holmefjord.
2. Søknad vedkomande Hardanger Fartøyvernssenter er ikkje i tråd med kriteria og innretting for utviklingsstipend i tradisjonshandverk, og vert avvist.

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.10.2021

Avrøysting

Avdelingsdirektør for kultur, idrett og inkludering sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

1. Vestland fylkeskommune sluttar seg til Fagkomiteen si innstilling og tildeler utviklingsstipend i tradisjonshandverk på 50.000 kroner til Oddvar Gangstø, Samnøyvegen 59, 5640 Holmefjord.
2. Søknad vedkomande Hardanger Fartøyvernssenter er ikkje i tråd med kriteria og innretting for utviklingsstipend i tradisjonshandverk, og vert avvist.

PS 119/21 Magnus Lagabøtejubileum 2024 - Landslova 750 år

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune vedtek at det vert skipa eit jubileum for Landslova 750 år i 2024, med fokus på lovskapingsprosessen frå Kristenretten til Landslova og med aktualisering til notida.
2. Forslag til tiltak i jubileet og organisasjonsmodell skissert i forprosjektrapport for Magnus Lagabøtejubileum (vedlagt) vert lagt til grunn.
3. Vestland fylkeskommune inviterer inn partnerar og set ned jubileumskomite med fylkesordføraren som leiar.
4. Partnerane deltek med eigne ressursar og det vert føresettt at budsjett og finansiering vert følgd opp i samarbeid mellom stat, fylkeskommune, kommunar, partnerar og eventuelle private gjevarar. Partnerar må ta formell stilling til deltaking i eigne organ.
5. Finansieringsbehov vert handsama som del av det årlege arbeidet med økonomiplan og budsjett.

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.10.2021

Stian Davies, A, sette på vegner av A, V, SP, SV og MDG fram slikt tilleggsforslag til nytt punkt 6:

«Nytt pkt. 6

6. Vestland fylkeskommune mener dette er et jubileum av stor nasjonal verdi, ettersom det var Norges første riksdekkende lov og en av få i Europa av sitt slag. Magnus Lagabøtes landslov av 1274 var et viktig nasjonalt dokument som en av forløperne til Grunnloven av 1814. Loven ble ferdigstilt i Bergen. Derfor oppfordrer Vestland fylkeskommune til at staten kan ta store deler av kostnaden knyttet til en jubileumsutstilling, til forskningskonferansen og andre utgifter tilknyttet landslovsjubileet.»

Avrøysting

Fylkesdirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Davies sitt tilleggsforslag til nytt punkt 6 vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylkeskommune vedtek at det vert skipa eit jubileum for Landslova 750 år i 2024, med fokus på lovskapingsprosessen frå Kristenretten til Landslova og med aktualisering til notida.
2. Forslag til tiltak i jubileet og organisasjonsmodell skissert i forprosjektrapport for Magnus Lagabøtejubileum (vedlagt) vert lagt til grunn.
3. Vestland fylkeskommune inviterer inn partnerar og set ned jubileumskomite med fylkesordføraren som leiar.
4. Partnerane deltek med eigne ressursar og det vert føresett at budsjett og finansiering vert følgd opp i samarbeid mellom stat, fylkeskommune, kommunar, partnerar og eventuelle private gjevarar. Partnerar må ta formell stilling til deltaking i eigne organ.
5. Finansieringsbehov vert handsama som del av det årlege arbeidet med økonomiplan og budsjett.
6. Vestland fylkeskommune mener dette er et jubileum av stor nasjonal verdi, ettersom det var Norges første riksdekkende lov og en av få i Europa av sitt slag. Magnus Lagabøtes landslov av 1274 var et viktig nasjonalt dokument som en av forløperne til Grunnloven av 1814. Loven ble ferdigstilt i Bergen. Derfor oppfordrer Vestland fylkeskommune til at staten kan ta store deler av kostnaden knyttet til en jubileumsutstilling, til forskningskonferansen og andre utgifter tilknyttet landslovsjubileet.»

PS 120/21 Høyringsuttale - Forskrift om jakt- og fangsttider 2022-2028

Forslag til innstilling

1. Vestland fylkeskommune støttar dei føreslegne endringane i forskrifta, med unntak av innskrenka jakttid på kråke.
2. Vestland fylkeskommune viser til at Miljødirektoratet har gitt høve til å kome med innspel på heile forskrifta, og føreslår utvida jakttid på hjort, avgrensa til innmark, i periodane 20.08.-31.08. og 01.01.-31.01. Den utvida jakttida vert grunngitt med behov for betre høve til å ta ut hjort som gir beiteskade. Avgrensinga av den utvida jakta til innmark er av omsyn til andre naturbruksinteresser og ro for dyra.
3. Vestland fylkeskommune føreslår at jakttida på hjort vert sendt på ny høyring i Vestland fylke med to alternativ, enten uendra jakttid på hjort i fylket eller utvida jakttid som føreslått i vedtaket pkt 2.

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.10.2021

Øyvind Strømmen, MDG, sette på vegner av MDG, A, V, SP og SV fram slikt tilleggsforslag til punkt 2:

«Tilleggsforslag til punkt 2

Vestland fylke er uroa for konsekvensane av veksande hjortebestand i fylket. Fylkeskommunen meiner miljødirektoratet må vurdere andre regulatoriske verkemiddel enn jakttid for å redusere hjortebestandane.»

Avrøysting

Fylkesdirektøren sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Strømmen sitt tilleggsforslag til pkt. 2 vart vedteke mot 1 røyst (Karstein Birkeland, GP).

Innstilling til fylkesutvalet

1. Vestland fylkeskommune støttar dei føreslegne endringane i forskrifta, med unntak av innskrenka jakttid på kråke.
2. Vestland fylkeskommune viser til at Miljødirektoratet har gitt høve til å kome med innspel på heile forskrifta, og føreslår utvida jakttid på hjort, avgrensa til innmark, i periodane 20.08.-31.08. og 01.01.-31.01. Den utvida jakttida vert grunngitt med behov for betre høve til å ta ut hjort som gir beiteskade. Avgrensinga av den utvida jakta til innmark er av omsyn til andre naturbruksinteresser og ro for dyra. Vestland fylke er uroa for konsekvensane av veksande hjortebestand i fylket. Fylkeskommunen meiner miljødirektoratet må vurdere andre regulatoriske verkemiddel enn jakttid for å redusere hjortebestandane.
3. Vestland fylkeskommune føreslår at jakttida på hjort vert sendt på ny høyring i Vestland fylke med to alternativ, enten uendra jakttid på hjort i fylket eller utvida jakttid som føreslått i vedtaket pkt 2.

PS 121/21 Sak om skeivdeling av kulturkroner til kulturinstitusjonar mellom Vestland og Oslo.

Saksprotokoll i hovudutval for kultur, idrett og integrering - 13.10.2021

Hovudutval for kultur, idrett og integrering vedtok samrøystes å sette saka på sakskartet utan saksførelegg.

Terje Kollbotn, R, sette fram slikt forslag:

«Sak neste møte

1. Hovedutvalet vil be administrasjonen om å utarbeide ein kortfatta oversikt over finansiering og skeivdeling til kulturinstitusjonar mellom Vestland, Oslo og resten av landet. 2. Hovedutvalet går inn for at dette blir ei sak alt på neste møte med sikte på drøfte strategiar for å rette opp denne skeivdelinga og ei fråsegn til den nye regjeringa og Stortinget.»

Stian Davies, A, sette fram slikt forslag:

«Forslag til vedtak

Hovedutvalg for kultur, idrett og integrering ber avdelingsdirektør komme tilbake til utvalget med sak som synleggjør skjevfordelingen av kulturmidler mellom Vestland og resten av landet, samt forslag til uttale til Kulturdepartementet og Kulturkomitéen.»

Terje Kollbotn, R, sette fram slikt forslag:

«Sak neste møte

1. Hovedutvalet vil be administrasjonen om å utarbeide ein kortfatta oversikt over finansiering og skeivdeling til kulturinstitusjonar mellom Vestland, Oslo og resten av landet. 2. Hovedutvalet går inn for at dette blir ei sak alt på neste møte med sikte på drøfte strategiar for å rette opp denne skeivdelinga og ei fråsegn til den nye regjeringa og Stortinget.

Vert trekt»

Avrøysting

Davies sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Vedtak

Hovedutvalg for kultur, idrett og integrering ber avdelingsdirektør komme tilbake til utvalget med sak som synleggjør skjevfordelingen av kulturmidler mellom Vestland og resten av landet, samt forslag til uttale til Kulturdepartementet og Kulturkomitéen.